



Kinn kommune
postboks 294
6701 MÅLØY

Vår dato:
12.04.2021

Vår ref:
2021/1165

Dykkar dato:
18.01.2021

Dykkar ref:
20/7922

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Kinn kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Kinn kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 80/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kinn kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Etter sitt første driftsår har Kinn kommune ein stram økonomi. Kommunen planlegg vidare med svake netto driftsresultat og låge frie driftsfond, som betyr lite økonomisk handlingsrom. Kombinasjonen av ein sterk auke av lånegjelda og eit lite økonomisk handlingsrom, kan føre til at kommunen ikkje vil klare å handtere gjelda på kort og lang sikt utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning, at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteke over tid. Etter Statsforvaltaren sine vurderingar utgjer den sterkt planlagde auken i lånegjelda ein risiko for at kommunen kan bli underlagt kontroll etter Robek-reglane.

For å skaffe seg eit økonomisk handlingsrom som sikrar gode tenester til noverande og framtidige innbyggjarar, må kommunen først og fremst vise moderasjon for nye investeringar finansiert med lån som belastar driftsøkonomien.



Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på -1,5 mill. kroner, som utgjer -0,1 prosent av driftsinntektene. For å få til balanse i budsjettet, er det brukt 3 mill. kroner frå disposisjonsfondet og avsett 1,5 mill. kroner til bundne fond. Etter 2021-budsjettet er disposisjonsfond samanlikna med driftsinntekter rekna til 1,9 prosent. Etter førebels rekneskap for 2020 har kommunen ein fri eigenkapital i drift (disp.fond – meirforbruk) på 2,2 prosent av driftsinntektene.¹ Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11,7 prosent.

Arbeidskapitalen er eit uttrykk for likviditeten til kommunen, og Kinn har etter førebelse Kostra-tal for 2020 lågare arbeidskapital enn samanliknande kommunar, 7,1 prosent av driftsinntektene mot at gjennomsnittet i Kostra-gruppa er 20 prosent. Gjennomsnittet for landet (utan Oslo) er 22,7 prosent.

Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er budsjettet med 1,1 mrd. kroner. I dette beløpet ligg 15 mill. kroner i kompensasjon for ekstra utgifter til koronapandemien. Tilsvarande beløp er lagt inn som reservert løying i driftsbudsjettet. Prognosene til KS etter vedtaket til Stortinget og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 1,089 mrd. kroner, inkludert 16,6 mill. kroner til koronapandemien.

Etter nytt eigedomsskattegrunnlag er inntektene for eigedomsskatt budsjettete til 79,5 mill. kroner, som er ein auke på 16,5 mill. kroner samanlikna med innkomen skatt i 2020. Utbetalingar frå Havbruksfondet er budsjettet til 17,2 mill. kroner. Vertskommunetilskot er budsjettet med 15,6 mill. kroner. Tilskotet er redusert samanlikna med 2020, som følgje av færre personar som kjem inn under denne ordninga.

Ubytte frå eigarskap i selskap er budsjettet med 12 mill. kroner. Dette er ein auke frå inntekta i 2020 med 3 mill. kroner, men ein større reduksjon samanlikna med det som var forventa i økonomiplanen 2020 – 2023. Avdrag er budsjettet etter reglane om minimumsavdrag, med 96,5 mill. kroner.

Samanlikna med revidert budsjett for 2020 er sum netto driftsramme for administrasjon og tenesteområda vidareført i 2021, men innanfor ramma er det gjort nominelle reduksjonar for grunnskule på 30 mill. kroner og pleie- og omsorg med 15 mill. kroner.

Kommunen har budsjettet med investeringar i anleggsmiddel for til saman 468 mill. kroner. Dette skal finansierast med 280 mill. i lån (av dette 75 mill. ubrukte lånemidlar), kompensasjon meirverdiavgift 58,5 mill., tilskot 121,4 mill. og sal av eigedom 8,9 mill., kroner. Av låneopptak utgjer lån til VAR-anlegg 116,4 mill. kroner. I tillegg er det budsjettet med utlån av eigne midlar på 119,5 mill. kroner, finansiert med lån. Av dette 50 mill. kroner i vidareutlån frå Husbanken.

Nytt låneopptak i 2021 til investeringar, konserninterne utlån og andre utlån blir etter dette 274,2 mill. kroner.

Førebelse Kostra-tal for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 2,840 mrd. kroner, inklusive 97 mill. kroner i konsernintern gjeld.² Brutto lånegjeld utgjorde 152,5 prosent av driftsinntektene, som er høgast av kommunane i Vestland. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (ekskl. Oslo) 117 prosent.

¹ og ³ Kostra-konserntal, førebelse 2020 (inkl. kommunale føretak, IKS og interkommunale samarbeid)



Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Samanlikna med 2021-budsjettet er sum driftsinntekter budsjetterte på same nivå fram til 2024. Driftsutgiftene er reduserte frå 1,6 mrd. i 2021, til 1,560 mrd. i 2024. Største reduksjonar er det innanfor sentraladministrasjon og grunnskule. Netto finansutgifter aukar frå 117 mill. i 2021, til 174 mill. kroner i 2024. Etter dette er netto driftsresultat i prosent budsjettert til 1,5 prosent i 2022, og -0,5 og -0,1 prosent i 2023 og 2024. I sum for heile perioden er det budsjettert med 9,6 mill. kroner i avsetjingar til disposisjonsfond.

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 1,840 mrd.

og tilskot til andre sine investeringar med 26,8 mill. kroner. Av investeringane skal 1,2 mrd. kroner bli finansierte med nye lån, av dette 318 mill. kroner til VA-investeringar. Avdrag er budsjetterte med 435 mill. kroner.

Langsiktig brutto lånegjeld for kommunekassa er ved utgangen av 2024 berekna til 3,657 mrd. kroner, som kjem til å utgjere 210 prosent av brutto driftsinntekter. I denne summen ligg samla lånegjeld inkludert utlån til kommunale føretak, Husbanklån for vidare utlån, sjølvfinansierande lån til VA-anlegg og lån der kapitalutgifter blir dekte av kompensasjonstilskot eller reduksjon i andre driftsutgifter.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kinn kommunestyre har vedteke å fastsetje finansielle måltal/handlingsreglar for (med faktiske handlingsreglar for kommunen vist i dokumentet):

- | | |
|---|------------------------------|
| • langsiktig netto lånegjeld ³ /brutto driftsinntekter | handlingsregel: 75 prosent |
| • netto driftsresultat/brutto driftsinntekter | handlingsregel: 1,75 prosent |
| • disposisjonsfond/brutto driftsinntekter | handlingsregel: 5 prosent |
| • netto finans/brutto driftsinntekter | handlingsregel: (ikkje sett) |

Det går fram av vedtaket til kommunestyret at val av dei finansielle måltala må byggje på ein god politisk prosess. I økonomiplanen 2021 – 2024 vert måltal rekna ut i tråd med vedtekne økonomiplantal, og Kinn kommunestyre skal jobbe vidare med finansielle måltal, og vedta langsiktige mål for desse.

³ Brutto lånegjeld ekskl. pensjonsforpliktingar med fråtrekk av totale utlån (formidlingslån) og ubrukte lånemidlar
Netto lånegjeld etter førebelse Kostra-tal 2020 er for Kinn 136,7 prosent, gjennomsnitt for landet (utan Oslo) 94,7 prosent.



Finansielle måltal berekna etter kommunestyret sitt vedtak for budsjett- og økonomiplan 2021-2024:

	2021	2022	2023	2024
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	169,4	183,3	207,7	204,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,1	1,5	-0,5	-0,1
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	3,3	2,8	2,6
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	7,3	8,0	9,3	10,7

Statsforvaltaren sine vurderinger

Etter sitt første driftsår har Kinn kommune ein stram økonomi. Gjennom svakt netto driftsresultat og låge frie driftsfond, gjev dette lite økonomisk handlingsrom. Det er ein risiko at kombinasjonen av ein sterk auke av lånegjelda og lite økonomisk handlingsrom kan føre til at kommunen ikkje vil klare å handtere gjelda på kort og lang sikt utan at det får større konsekvensar for tenestetilbodet for noverande og framtidige innbyggjarar. Dette er ikkje i samsvar med kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning, at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir varetaken over tid. Etter Statsforvaltaren sine vurderingar utgjer den sterkt planlagde auken i lånegjelda ein risiko for at kommunen kan bli underlagt kontroll etter Robek-reglane.

Kommunen må gjennom betre netto driftsresultat skaffe seg eit økonomisk handlingsrom ved å byggje opp ein bufferkapital. Dette må skje gjennom moderasjon av nye investeringar som fører til auka lånegjeld og derav auka drifts- og finansutgifter, samtidig med netto innsparingstiltak. Dette siste har òg samanheng med at det etter komunesamslåinga må skje gevinstrealiseringar etter ei prioritering på utvalde område.

Arbeidet som er på gang med å fastsetje finansielle måltal og handlingsreglar, må prioriterast, slik at kommunestyret får framlagt gode grunnlag for sine prioriteringar og avgjerder. Særleg viktig blir ein gjennomgang med analyse av lånegjelda.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi: Vestland Revisjon, Hafstadvegen 42, 6800 Førde